# Fottur/Walk **Hestabotn–Slottet**



**Når ein kjem langs riksveg 569 til Modalen vil ein sjå ein særmerkt fjellformasjon, kalla Slottet. Frå toppen er det storslått utsikt over Mofjorden.**

Driving along Rv569 towards Modalen, you will see an unusual rock formation known as Slottet ('the castle'). The summit offers magnificent views over Mofjord.






*På veg mot Slottet.* Foto: Leif Nåmdal

## Rute og ymse av interesse

Terreng: Skog, delvis fuktig.
Fottøy: Vanntette sko/gummistøvlar
Tid: Ca. 1 time

Parkering ved riksvegen **(1)**, ca. 1 km frå Mo sentrum. Om hausten er her oppsamlingsplass for sauer som har gått i fjellet heile sommaren.

Starten på stien oppover er merka *Slottet/Hestabotn*. Stien har god, jamn



*Slottet ved Mofjorden.* Foto: Leif Nåmdal

## Route and places of interest

Terrain: Forest, boggy in places
Footwear: Waterproof shoes/wellingtons
Time: Approx. 1 hour

Park beside the main road **(1)**, about 1ÿkm from Mo village. In the autumn, the car park is used for rounding up sheep that have spent the summer in the mountains.

The path is signposted Slottet/Hestabotn and climbs steadily for most of the way, but is otherwise an easy forest walk. Nature-trail signs give information on different trees and bushes: pine, birch, aspen, rowan, elm, hazel and grey alder. This walk is special not only for the view from the summit, but because it takes you past some ancient, unspoilt yew woods.

The name Hestabotn **(2)** indicates that this area was used as summer grazing for horses. The hillside above Hestabotn contains yew trees that received protected status in 1937 **(3)**, and the entire area is covered by a national conservation plan for yews and holly. 126 large yews have been recorded here. They have grown in unusual twisted shapes, and a walk here takes you back to the unspoilt primeval forest.

**Sjå Tur 60 for reiserute og fotturar**
See Tour 60 for route and walks

stigning mesteparten av strekningen, men det er elles ein lett tur i skogsterreng. Her er naturstiplakatar som fortel om ulike tresortar. Det veks furu, bjørk, osp, rogn, alm, hassel og gråor. Det mest særeigne med denne turen, utanom utsikta frå toppen, er at ein får oppleva gamal urørt barlindskog.

Navnet Hestabotn (**2**) kjem av at ein sleppte hestane sine inn her om sommaren så dei kunne beita. I lia oppanfor Hestabotn er det barlind som vart freda i 1937 (**3**). Heile området er med i nasjonal verneplan for barlind og kristtorn. Det er registrert 126 større barlindar i området. Dei har ein uvanleg vridd vekstform, når ein går her vil ein oppleva ekte urørd urskog.

Stien går vidare opp til fjellplatået Slottet. Den merka stien til Slottet er ei rundløypa, slik at ein kan velja mellom to fine vegar. Langs den eine ruta er det dramatisk utsikt over fjorden. Ver varsam!

På sjølve fjellplatået Slottet (**4**) må ein vera spesielt varsam. Her er det 180 meter fritt fall utfor. Men, utsikta er flott! Ein kan sjå ned på Mofjorden. Litt lenger ute i fjorden er Mostraumen, ein 400 meter lang tidevannstraum. Den er 12 meter brei og berre 3,5 meter djup. Før 1743 var Mofjorden eit vatn, men ein ofseleg flaum gjorde at vatnet braut seg veg til sjøen utanfor. Mostraumen er ein vakker straum i særeigent kulturlandskap.

Ved Mofjorden ligg Langedalen. Her var det tre gardsbruk. Skulehuset der borna gjekk på skule, ligg enda på bøen ved Mostraumen.

The path continues uphill to Slottet, a mountain plateau. The marked path follows a circular route, so you can approach Slottet from either direction. In one direction you will have dramatic views over the fjord, so be careful!

You must take particular care when you reach the Slottet plateau (**4**), because from here it is a free fall of 180ÿm to the ground below. But the view is fantastic! Beneath you lies Mofjord, and beyond it Mostraumen, a tidal estuary 400ÿm long, 12ÿm wide and only 3.5ÿm deep. Mofjord was a freshwater lake until 1743, when an enormous flood made it overflow into the sea beyond. Mostraumen is a beautiful estuary amid a unique agricultural landscape.

The valley of Langedalen runs beside Mofjord. There used to be three farms here, and the former schoolhouse still stands in the meadows beside Mostraumen.

***Hugs:***
*Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.*

***Remember:***
*The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.*

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland,
Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.

**Kopiering er ikkje tillatt** **All rights reserved.**

 BODONI HUS